

70 000 til gode føremål på 2 år

27.03.2012



Styret etter valet. Foran sit Selma Eik og Berit H. Myklebust og bak står Hilda Guddal, Eli Eik og Margit Eik

Uskedal Helselag sette av 30 000 til gode føremål i fjor, men det hindra ikkje at det driftige laget med 105 betalande medlemer auka løyvinga til 40 000 for i år då årsmøtet vart halde i Gamleskulen i kveld.

Begge år har det gått 10 000 til hjertekarforskning, 5000 til kreftforskning og 5000 til kampen mot tuberkulose. I fjor var det også løyva 10 000 til dagavdeling for demente og for i år vart det plussa på 10 000 til lokale føremål.

Det vart gjeve 10 000 til Undarheim gamle skule som aktivitetssenter for rusavhengige og 10 000 til sansehage ved Rosendaltunet. Ettersom laget hadde 60 000 i banken ved siste årsskifte er det no 20 000 igjen og det skal avviklast ein utloddning for å styrka banksaldoen igjen seinare i år.

Under årsmøtet heldt sosionom Møyfrid Kristoffersen ei brei orientering om kommunens rustenste og organiseringen av denne, Eit mangfaldig hjelpeapparat står til disposisjon og sosionomen berømma ikkje minst ein annan uskedeling, miljørarbeidar Gunnar Leite, for jobben han gjer. Ho var særleg oppteken av barna og streka under kor viktig det er å vera tidleg ute og gje ungane gode oppvekstvilkår.

Av årsmeldinga gjekk det mellom anna fram at den årlege demensaksjonen

i fjor ga vel 20 000 som vart karakterisert som eit fint resultat. Basaren sin nnnpekt kom imidlertiid heilt opp i 46 400 kroner.

Leiar Selma Eik har att eit år av valperioden og det har også nestleiar Berit H. Myklebust og styremedlem Margit Eik. Hilda Guddal held fram som kasserar medan Eli Eik vert skrivar, Sella Hjønnevåg og Berit Harriet Døssland er varamedlemer. Gågruppa som vart starta for 2 år sidan er framleis i gang.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen